



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 75 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Kostnadsramme for prosjektet rv 70 Oppdølstranda i Møre og Romsdal

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 18. mars 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Prosjektet rv 70 Oppdølstranda omfattar bygging av ein veg på om lag 9 km, inkludert ein tunnel på om lag 7,6 km, i Sunndal kommune i Møre og Romsdal. Prosjektet skal sikra ein rassikker veg på den rasfarlege strekninga mellom Sunndalsøra og Oppdøl. Prosjektet er nærare omtalt i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019 side 252-253, Prop. 1 S (2009-2010) side 94-95 og Prop. 1 S (2010-2011) side 108. I Prop. 1 S (2010-2011) vert det opplyst at Samferdselsdepartementet vil komma tilbake til styringsramme og kostnadsramme for prosjektet så snart ekstern kvalitetssikring (KS2) er gjennomført og før anleggsstart.

2 Styringsramme og kostnadsramme for prosjektet rv 70 Oppdølstranda i Møre og Romsdal

Etter ekstern kvalitetssikring legg Samferdselsdepartementet til grunn ei styringsramme for pro-

sjektet på 860 mill. 2010-kr og ei kostnadsramme på 925 mill. 2010-kr. Omrekna til 2011-prisnivå er styringsramma 880 mill. kr og kostnadsramma 945 mill. kr. Styringsramma er i tråd med tilrådinga frå den eksterne konsulenten. Den eksterne konsulenten tilrådde ei kuttliste, som i tilfelle skulle leggjast til grunn ved overskriding av styringsramma. Denne er ikkje teken til følgje. Konsulenten tilrådde såleis ei noko lågare kostnadsramme enn det som blir lagt til grunn.

Det er lagt opp til anleggsstart på prosjektet våren 2011. Prosjektet er venta opna for trafikk ved årsskiftet 2013/2014.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om kostnadsramme for prosjektet rv 70 Oppdølstranda i Møre og Romsdal.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om kostnadsramme for prosjektet rv 70 Oppdølstranda i Møre og Romsdal i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om kostnadsramme for prosjektet rv 70
Oppdølstranda i Møre og Romsdal**

I

Stortinget samtykkjer i at prosjektet blir gjennomført med ei kostnadsramme på 945 mill. kr.
